

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Avrøysting

Innstillinga punkt 1-3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.
Innstillinga punkt 4-6 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 6 røyster (H, FRP, U).
Innstillinga punkt 7 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 3 røyster (FRP, U).

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget sluttar seg til forslaget til Handlingsprogram for Miljøløftet 2022 - 2025 slik det ligg føre.
2. Fylkestinget peiker på at det i liten grad er lagt inn investeringar i infrastrukturen til busstilbodet mot slutten av handlingsprogramperioden (2024 og 2025). Det er viktig at infrastrukturen til busstilbodet sikrar god framkomst, nok kapasitet, konkurransekraft og gode høve for drift. Fylkestinget ber partane i Miljøløftet om å arbeide målretta for å løfte fram gode bussprosjekt og at dei prioriterer dette i komande planprogram.
3. Fylkestinget meiner at framtidige handlingsprogram må vere bygd opp etter satsingsområda slik det vart semje om i byvekstavtalen. Satsingsområda i byvekstavtalen er gange og sykkel, kollektivtransport, innfartsparkering og miljøvennleg teknologi og innovasjon, og dette må handlingsprogramma reflektere tydeleg.
4. Fylkestinget meiner det er viktig med høg måloppnåing i forhold til nullvektsmålet og at prioritering av prosjekter må prioriterast ut frå kor potensialet og behovet er størst.
5. For gang-sykkelveg i Bergen bør ein vurdere å vente med E39 Sykkelstamveg Fjøsanger - Nesttun og i tråd med avtalen innan miljøløftet nytte midlane til utbetringar av sykkelveg på fylkesvegnettet nærare Bergen sentrum og der behova er større.
6. Det er viktig å ha fokus på framkommeligheit for busstrafikken, derfor må kollektivfelt på innfartsårene til Bergen, og framkommeligheit på stamlinjenettet og inn til dei viktigaste bussterminalane prioriterast høgt i det vidare arbeidet.
7. Det er avgjerande at prioriteringane i miljøløftet har lokalpolitisk forankring, og utvalet ber derfor administrasjonen ta initiativ til eit seminar for politiske representantar i kommunane som er del av miljøløftet i forkant av handsaminga av dei årlege handlingsprogramma. Dei politiske representantane kan vere dei som sit i aktuelt fagutval og formannskap.